Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10 | Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Forsand

Emne: Lyngjing og mosing | Bygdelag: Espedal

Oppskr. av: M. G. Mikkelsen | Gard: Øvre Espedal

(adresse): Helle i Høgsfjord | G.nr. 48 Br.nr. 11

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Lyngjing hev gått føre seg so langt attende som det er segn um. Den gjer føre seg på same måten no som for hundrad av år attende i tidi.

A. Lyngjing kan gjere føre seg kvart år. Bæst var det å slå han um hausten då var den mest åden. Og då åt kyrne den best. No dei to siste år er det ikkje „Åde-lyng" her då den fraus vekk vinteren 1946-47.

3. Lyngen vert slegen for det meste med stuttorv men og sumtid skåren med sigd.

4. No er det mannfolksarbeid. Men i føre hundrad var og kvinna med. Ho bruka sigd og skar.

5. Kvart fjerde år.

6. I gamal tid var det ved bering, no er det helst kjøring.

7. Det vart for det meste ikkje slege meir um gongen enn at den vart gjeven upp med det same.

8. Det er helst til kyr. Vart nytta gjeven um kvelden etter anna for. Sauen får og noko midt på dagen når den står inne.

2251

9. Nei, men mein for å drygje anna for.

B.

1. Sauen går ute heile hausten og vinteren so sa sandt det ikkje er snó. Det er sakte fortalt at dei i gamal tid rojte snöen vekk for at geitene skulde få beita.
2. sau og geit.
3. at dei rojte snöen bort var nok berre i naudår; men til vanleg går sauen ute på lyngbeite kvar dag heile vinteren so sandt det er berrt. Geitene er det slutt med no her i bygdi.
4. Eg trur ein helst må svara ja.

II Mosing.

Då det her i bygdi ikkje hev vore sanka mose, fell desse spursmål bort

2251

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING